

VIAK

68.1326.

FRAMLEGG:

REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR BUSTADFELTET PÅ ASTRHEIM, ASTRHEIM KOMMUNE

GENERELT.

§ 1. Det regulerte området i planen er nytta til:

- A. Byggjeområde for busetnad (med fellesanlegg og interne fellesareal).
- B. Friområde.
- C. Trafikkområde.

A. BYGGJEOMRÅDE FOR BUSETNAD.

§ 2. På arealet skal det byggjast bustadhus med garasjer.

§ 3. I einskilde høve kan bygningsrådet gje løyve til utnytting av deler av eit bustadhus til anna føremål enn bustad.

Vertikaltdelede tomannsbustader kan ein tillata på tomter som naturleg let seg dela i 2 parcellar, likeeins kan bustader på 2 tomter byggjast saman i felles tomtegrense.

§ 5. I område som er regulert til tett småhusbusetnad med fastsett utnyttingsgrad skal plan for fleire bustader i rekke, gruppe el. likn. arbeidast ut for det areal bygningsrådet fastset.

§ 6. Frittliggjande einebustader kan førast opp i $1\frac{1}{2}$ høgd, med bustadrom anten på loft eller i kjellarhøgd i tillegg til hovedhøgda.

§ 7. Bustad felt regulert for tett småhusbusetnad kan førast opp i 2 høgder

Alle bygg skal plasserast utanfor regulerte byggjegrenser mot veg.

§ 9. Samla bustadareal i alle bustader, saman med areal i garasjer og andre uthus, skal ikkje vera meir enn 1/4 av tomtenes areal (Utnyttingsgrad maks. 0,25).

Bygningar som høyrar saman i rekke eller gruppe skal ha fargesetting, takform og materialbruk som høver godt saman. Plass for tørkeplass, T.V.-antenne, søppelspann og likn. må ikkje vera til sjenanse for nabo og elles minst mogeleg skjemmande.

§ 11. Kvar frittliggjande einebustad skal ha plass for minst 1 garasje, og i tillegg til denne 1 biloppstillingsplass på eigen grunn. For tett småhusbusetnad skal garasjer samlast i fellesbygg, 1 garasje for kvart husvære og attpå 1/4 parkeringsplass for kvart husvære, alt på felles grunn.

- § 12. Fra offentleg veggrunn til garasjepoert eller gjerdepoert i avkjørsel skal i kjøreretningen vera plass for den bil garasjen/avkjørselen er bestemt for

Det kan setjast opp gjerde på max. 80 cm høgde i ein avstand av minst 1,5 m frå regulert veggkont. Gjerde må ikkje setjast opp i frisiktssona. Murar og gjerde skal vera minst mogeleg skjemmande. Mogeleg markering av grense mot nabo skal helst gjerast med planting. Mogeleg gjerde skal ikkje vera høgare enn 80 cm.

I område mellom veg og gjerde eller frisiktslinia skal planter og andre sikthindringar ikkje vera høgare enn 50 cm over det plan senterliniane i vegane definerar.

B. FRIOMRÅDE

- § 14. Friområde skal opparbeidast etter ein samla plan, godkjent av bygningsrådet.

- § 15. I friområda kan det plasserast tekniske anlegg som slamavskiljar, transformator, likeeins bygningar o.l. til nytte for drifta og utnyttinga av friområdet.

FELLESFØRESEGNER.

- § 16. Ved sida av desse reguleringsføresegndene gjeld bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne lova og departementet sine byggjeforskrifter.

Etter at desse føresegndene er gjort gjeldane, er det ikkje høve til ved privat servitutt å oppretta tilhøve som strir mot føresegndene.

- § 18. Innafor ramma av bygningslova, kommunen sine vedtekter til denne og departementet sine byggjeføreskrifter, kan bygningsrådet gjera unntak frå desse føresegndene i høve der særlege grunnar taler for det.